

14 heimar var representert på foreldremøtet

1. Elisabeth fortalde kven dei vaksne på trinnet dette skuleåret er: Kontaktlærer for 6A er Janne Erstad, ho underviser i matematikk, norsk, naturfag, tekstil/teikneforming og data. Kontaktlærer for 6B er Elisabeth Sigaard, ho underviser i mat og helse, engelsk, samfunnsfag, kroppsøving/symjing og sløyd. Ann-Kristin Leirstein er spesialpedagog og har ansvar for Norsk2-opplæringa. Nina Uthaug har KRLE. Bente Øiren, Sylwia Brandsdal, Hilde Toska og Nathalie Håland er assistentar i begge klassar.
2. Elisabeth viste timeplanen samt døme på årsplan og vekeplan. Nokre heimar opplever at løysinga med arbeidsplan ikkje fungerer for deira barn. Det avtalast at ein skriv i meldeboka om ein ønskjer å gå tilbake til «gamal» modell med lekse kvar dag. (Kommentar til dette: I etterkant av møtet har Janne snakka med klassen, og mange elevar ønskjer å gå tilbake til gamal plan med lekse kvar dag. Difor har lærarane allereie no iverksett dette)
3. Klassemiljø/Kapittel 9a i Opplæringslova: §9a-2: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Elisabeth fortalde om tiltak som skulen og elevane gjer for å betra klassemiljøet. Vidare informerte ho om stoda pr. no; at nokre elevar framleis går åleine. At når nokre elevar vert spurdt/invitert med i leik, svarar dei nei, og at dette skapar ein «vond» sirkel der elevar kjenner seg einsame. Det vart lagt opp til diskusjon til kva føresette kan gjera for å betra skulemiljøet.
Nokre føreslag frå føresette: Å ha i lekse å invitera heim ein frå klassen, man vanlegvis ikkje er så mykje med. Dette hadde fungert bra i fjor. Å verta flinkare til å oppsøkje kvarandre på fritida i staden for å ta kontakt via telefon/melding/snapchat. At føresette tek kontakt til kvarandre når dei opplever utfordringar.
4. Nettvett/Barnevakten: Elisabeth viste døme på kva for appar som kan skapa «grobotn» for mobbing, m.a. facebook, snapchat, saraha, tiktok, f3, yolo mfl. Ofte er det moglegheit for å vera anonym på ulike sosiale medie, og det oppmodast til at føresette held auge med kva for appar barna deira lastar ned på telefonen. Vidare avtalast det at man i samband med kapittel i kjeldekritikk i samfunnsfag skal undervisa i nettvett kring mobilbruk og appar og eventuelle konsekvensar ved bruk av desse. Føresette ber om at lærarar informerer dersom dei får høyra om nye slike appar. Lærarar oppmodar føresette til å t.d. følgja «Barnevakten» på Facebook.
5. Samarbeid skule-heim: Føresette og elevar hadde oppleva akedagen i fjor som veldig kjekk og ønskjer å få til dette igjen. Vidare føreslåast det å avhalda spele-/pizzakveld samt ei treningsøkt for både føresette og elevar på skulen. Føresette snakka òg om å møtast utan barn.
6. Ymse: Elisabeth fortel om reglar for bruk av meldebok, at føresette må dokumentera fråvær i denne. Kontaktlærer kan innvilga permisjon for eleven i opp til 3 dagar, utover dette skal ein senda søknad til rektor. Det snakkast vidare om hygiene i kroppsøving og om kvifor det skrivast anmerking ved gløymt utstyr. Vara vart ikkje vald. (Kommentar til dette: Rektor har på FAU-møte 19/9 2019 fått avklart kven som er klassekontaktar og vara dette skuleåret. Klassekontaktar er Sølvi Mangerøy og Mona Vakt skjold og vara er Ingunn Halland og Kenneth Håland)